

Frå: Høgskulen i Volda <johann.roppen@hivolda.no>
Send: torsdag 5. januar 2023 13:56
Til: Johann Roppen
Emne: Nyhende­brev frå Høgskulen i Volda nr. 1, 5. januar 2023



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhende­brev nr. 1, 5. januar 2023

Nyhende­brev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhende­brev og side for påmelding til nyhende­brevet.](#)



Studentrekruttering 2023: Her er messeprogrammet til Høgskulen i Volda

Høgskulen i Volda vil i 2023 delta på utdanningsmessene i Bergen, Ålesund, Trondheim og Oslo/Viken. I tillegg kjem fleire andre aktivitetar. Blant anna ei digital messe og eit heilt eige opplegg for Møre og Romsdal og Nordfjord, og så er høgskulen naturlegvis aktiv i mange digitale kanalar.

LES MEIR



Hege vart årets matkultur­bloggar

Hege Lindahlen frå Molde vart årets mat­bloggar på studiet Matkultur ved Høgskulen i Volda. [Formidling av matkultur er eit av arbeidskrava på studiet](#), og det er tradisjon å kåre den beste student­bloggen. Hege Lindahlen er grunnskule­lærer og sette pris på å bli anerkjent for arbeidet ho har lagt ned i studie­bloggen. - Eg synest det er veldig kjekt å fotografere på fritida, og det passa jo godt med at eg fekk fotografere og skrive om matrettane eg laga, seier den ferske blogg­vinnaren.

LES MEIR



Søknadsfrist på dekanstillinger: 9. januar 2023

Høgskulen i Volda har lyst ut tre dekanstillinger med søknadsfrist 9. januar 2023. Dei tre avdelingane er [Avdeling for kulturfag, samfunnsfag og historie](#) og [humanistiske fag og lærarutdanning](#). Dei fireårige åremåla til dei tre noverande dekanane går ut 31. juli 2023. Søknadsfristen vart før jul forlenga til 9. januar.

LES MEIR



Nyttårshelsing frå rektoratet

Rektor Johann Roppen og prorektor Odd Helge Mjellem Tonheim tek eit tilbakeblikk på året som er omme, og fortel kva dei og Høgskulen i Volda ser fram til i 2023!

LES MEIR

Studium og studentliv



Læringsverkstaden: Lån ei drone eller ein robot - og meir til

Læringsverkstaden har mykje spennande utstyr til utlån for studentar og tilsette. Både enkle praktiske løysingar som kamerastativ, mobilfeste for kamerastativ, mikrofonar VR-briller og pc-ar. Men også endå meir eksotiske saker som robotar og droner og spesialutstyr for programmering. [Lenke til Læringsverkstadens låneside.](#)

Høgskuletilsette har hospitert i barnehagen

Hausten 2022 har fleire fagtilsette i lærarutdanningane ved Høgskulen i Volda fått rykande fersk bransjeerfaring gjennom ein ny hospiteringsordning, og innhenta inspirasjon frå barnehage- og skulekvardagen som dei skal bruke i undervisinga. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Studentveka og studentrevyen 2023

Studentveka 2023 blir arrangert over to veker, med start 10. februar 2023 og siste arrangement blir etter planen 25. februar. Studentrevyen har premiere 10. februar. Og det aller meste skjer som vanleg på Rokken, og programmet blir tilgjengeleg på www.rokken.no Alt no går det fram av programmet at Kapteinen og Lars Vaular er på veg til Veka i Volda.

Rokken: "Dugnadskrise for studenthus"

Møre-Nytt skriv om problema med å skaffe nok frivillige til å drifte Rokken. Vaktansvarleg Peter Bjørneset fortel at talet på frivillige på Rokken har gått ned frå 36 til 10 på eit par år og at Rokken difor ikkje kan ta på seg store konsertarrangement. [Les meir i Møre-Nytt \(+ -sak\)](#) På [nettsidene til Høgskulen kan du lese meir om korleis](#)

[bli frivillig på Rokken](#). Blant oppgåvene ein kan gå inn i er: Bar, Crew, Vakt, Teknisk, PR, Kvissmaster og DJ.

Menyen i kantina neste veke

Måndag: Vegetarburritos med ris (kjem også som vegan) 15,90 per hg

Tysdag: laks med cremefraice og sennepsaus 15,90 per hg

Onsdag: Biff stroganoff med potetmos 15,90 per hg

Torsdag: Potetball med tilbehør 16,90 per hg

Fredag: Tacobuffé 15,90 per hg.

Fag og forskning

Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på www.hivolda.no.



SEANSE: Braksuksess for den internasjonale kunstnerkonferansen ITAC6

Seanse – senter for kunstproduksjon ved Høgskulen i Volda har tidlegare i 2022 arrangert ITAC6 (6th International Teaching Artist Conference) i Oslo. Med 200 deltakarar frå 26 land vart konkurransen ein braksuksess. [Les meir på nettsidene våre](#).

Kurs: Korleis skrive ein vinnande forskingsøknad?

Forskningsadministrasjonen [inviterer til eit generelt kurs i korleis skrive ein vinnande søknad om forskingsmidlar](#).

Kurshaldar er Matt Staton frå A Bigger Splash. Kurset er digitalt og vert halde på engelsk. Påmelding i nettskjema innan torsdag 12. januar for å få zoom-lenke til kurset. Kurset har tre økter med pausar i mellom. Det vil bli gjort opptak av kurset for avgrensa bruk i etterkant, men ein får størst utbytta av å delta. Ta kontakt med [forskingssjef Henriette Hafsaas](#) om du har spørsmål om kurset.

Høgskulen og fylket arrangerer skuleleiarkonferanse i Molde i mars

Tema for skuleleiarkonferansen 2023 er "Tillit". Konferansen blir arrangert i Molde 23.-24. mars i samarbeid mellom Høgskulen i Volda, Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, KS (Kommunesektorens organisasjon) og Skolelederforbundet. [Les meir om arrangementet på nettsidene våre.](#)

Energiske Forskingsdagar i 2023

[Energi](#) vert det samlande og nasjonale temaet for Forskingsdagane 2023. [Informasjon om Forskingsdagane ved Høgskulen i Volda blir tilgjengeleg på den faste nettsida.](#)

Læringsverkstaden: Kurskalender: Onedrive, Panopto og Podcast

Læringsverkstaden ved HVO har ein kurskalender som syner kva tilbod dei har i Onedrive, Panopto og andre verktøy som vi brukar i kvardagen - blant anna i å lage Podcast. [Les meir om kursa og meld deg på her.](#) I nyhendebrevet frå Læringsverkstaden inviterer dei også til å kome med tips og førespurnader om kurs.

Studio Strøm har flytta til BK 260

Tidlegare «Studio Strøm» er no sett opp igjen på [Mediateket \(BK260\) på Berte Kanutte-huset](#) og er klart til bruk fom. veke 3. Du reserverer studio i kalendaren i Outlook. Ta kontakt med Læringsverkstaden dersom du ønskjer ei innføring i korleis du brukar Studio Strøm.

Læremiddel for grunnskulen: Få tilgang via biblioteket

På HVO-biblioteket sine nettsider får HVO-tilsette og studentar tilgang til [digitale læremiddel for grunnskulen](#) frå Gyldendal (Skolestudio), Fagbokforlaget og Aschehoug (Aunivers). Vi har dessverre ikkje ei god løysing for tilgang til digitale lærebøker frå Cappelen Damm. Du får tilgang ved å logge deg inn via Feide. Biblioteket har naturlegvis også tilgang til den tradisjonelle læreboka og andre trykte læremiddel.

Ny litteratur i biblioteket: Desember-lista

Biblioteket på HVO lagar kvar månad ei liste over nyinnkjøpt litteratur frå månaden før. Dette gjeld både fagbøker og skjønnlitteratur. Her er lista for desember - og nedst på sida er det lenke til lister for tidlegare månader.

Blant dei nye bøkene i desember er blant andre [Nynorskdidaktikk](#) som er skriven av HVO-tilsette: Hjalmar Eiksund, Gudrun Kløve-Juuhl og Kristin Kibsgaard Sjøhelle. Boka er også tilgjengeleg som nettbok. Reidun Aambøs bok [Kvinner frå andre land som valde og Volda og Ørsta](#) kan du også finne i biblioteket. Og av nyare skjønnlitteratur kan du blant anna finne [Cormac McCarthys Stella Maris](#) (på norsk) og [Roy Jacobsens "De uverdige"](#) (som er utlånt). Og for dei som ønsker å lese på skjerm er dei fleste bøkene også tilgjengelege elektronisk.

Registrering av faglege arbeid i Cristin-systemet: Fristen er 16. januar

Fristen for å [registrere faglege arbeid i 2022 i Cristin-systemet](#) er 16. januar 2023. Ta eventuelt kontakt med [rådgivar Bente Gunn Lien](#) om du ikkje har tilgang til Cristin eller treng anna hjelp.

Styre og stell

Kunnskapsdepartementet: Tildelingsbrev til Høgskulen i Volda for 2023

Like før jul fekk Høgskulen i Volda tilsendt Tildelingsbrev for 2023 frå Kunnskapsdepartementet. Brevet gir både økonomiske rammer for drifta i 2023 og departementet sine forventningar til oss. [Brevet kan lesast på den faste nettsida i lag med andre styringsdokument](#). Den samla

Løyvinga til Høgskulen i Volda er på 435,1 mill. kr, som er same beløp som høgskulen budsjetterte med i styremøtet i desember. Departementet har i tillegg løyvd kr 2,15 mill. for å styrke barnehagelærarutdanninga (BLU). [Nettavisen Khrono har skrive om budsjett for sektoren og tildelingsbrev til UH-sektoren](#).

Universitetsakkreditering: Ekspertgruppe kjem med rapport måndag 9. januar

Regjeringa sette i mai 2022 ned ei ekspertgruppe som skulle vurdere krava for akkreditering til universitet. Grappa har vore leia av Ingvild Marheim Larsen, viserektor for utdanning ved Universitetet i Sør-Aust Noreg. [Undervegs har blant andre Høgskulen i Volda levert innspel til utvalet, og innspela er omtala i Khrono](#). No er rapporten klar, og [blir presentert måndag 9. januar kl 10.00. Alle som vil kan følgje med på presentasjonen via video](#). Sjå også [artikkel om universitetsakkreditering i Møre-Nytt \(Nynorsk pressekontor\) \(+-sak\)](#).

Forskningsutvalet: Ny fagleg representant frå Avdeling for mediefag

[Førsteamanuensis Kjetil Vaage Øie](#), AMF, har vorte ny fagtilsett representant i Forskningsutvalet etter at dosent Lars Julius Halvorsen gjekk over i ny stilling på Avdeling for samfunnsfag og historie. Vara er [professor Ellen Lexerød Hovlid](#) og [førsteamanuensis Endre Eidså Larsen](#). [Her er meir informasjon om Forskningsutvalet](#).

Brannvern: Oppstillingsplass for VCA under Sivert Aarflot-huset

I byggetida for Voldabadet vil plassen framfor og under Sivert Aarflot-huset bli oppstillingsplass for personar som er inne i Volda Campus Sparebank1 Arena (VCA) i tilfelle brann.

Morgon-flybuss til Hovden

Frå 2. januar 2023 vil det vere mogleg å reise med buss også til dei første morgonflya frå Hovden. Det vil gå buss både frå Volda og frå Ørsta. Bussane går frå Volda og Ørsta rutebilstasjon klokka 05.25. Den nye busstilbodet om morgonen kjem i staden for Svipp-ordninga som har gitt drosje til buss-pris. Svipp-ordninga vil framleis vere tilgjengeleg på sein kveldstid og i helgane. [Les meir om Fram Svipp her.](#)

Nytt om namn

Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på www.hivolda.no

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på www.hivolda.no. Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)



Torbjørn Frantsen har hospitert i grunnskulen

Høgskulen i Volda har lenge satsa på digital kompetanse i læring, mellom anna gjennom vidareutdanningstilboda i programmering. No hospiterer høgskulelektor Torbjørn Frantsen på ungdomstrinnet for å hente meir kunnskap til eiga undervising om programmering. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Publisering og formidling

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Legg også ved lenke til publiseringa di.

Øvereng og Gamlem har publisert om nettbrett for førsteklasingar

[Høgskulelektor Liv Kristin Bjørlykke Øvereng](#), og [professor Siv M. Gamlem](#), begge AHL, har saman med professor Atle Skaftun Universitetet i Stavange, publisert artikkelen "[Nettbrett i literacypraksisar i førsteklasse rom med høg kvalitet i lærar-elev-interaksjonar](#)" i tidsskriftet Nordic Journal of Literacy Research. Studien undersøker om og korleis nettbrett som ressurs kan bidra til kvalitet i literacypraksisar i begynnaropplæringa i eit utval norske førsteklasse rom. Øvereng er tilsett på Nynorsksenteret ved Høgskulen i Volda og Skaftun er tilknytt Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger. Dette er den andre artikkelen i den pågåande doktorgradsstudien til Øvereng der Skaftun og Gamlem er rettleiarar.

HVO-forskarar om programmering og matematikk i skulen

Bjørnar Sæterås, Andreas Brandsæter og Runar Lie Berge, alle AHL, har publisert eit kapittel i boka "Towards a new future in engineering education, new scenarios that European alliances of tech universities open up". Bokutgivar er Société européenne pour la formation des ingénieurs (SEFI). Tittelen til kapittelet er "Integrated Programming and Mathematics in Schools - A Solid Foundation for a Future Engineering Education?". HVO-forskarane skriv om eit rammeverk dei har utvikla for å klassifisere programmeringsoppgåver i matematikk. Rammeverket vert brukt til å klassifisere oppgåvene i fire lærebøker i matematikk frå vidaregåande skule. [Her er lenke til boka, der artikkelen til Sæterås, Brandsæter og Lie Berge er å finne på side 970.](#)

Homlong og Yttredal om cruise-turistar og pengebruk i Geiranger

Else Ragni Yttredal og [professor Nathalie Homlong](#), ASH, har publisert artikkelen "[Understanding the Blurry Picture of Tourism Expenditure in a Cruise Destination \(Geirangerfjord– Norway\)](#)" i tidsskriftet Tourism Today. Artikkelen er ein del av Yttredals doktorgradsarbeid i geografi ved Universitetet i Bonn, der professor Homlong er rettleiar. Yttredal skal disputere seinare i januar 2023. [Til dagleg driv Yttredal eige firma, Metaforen](#), og ho har finansiert doktorgraden sjølv.

Synnes og Håberg om Tornerose

[Høgskulelektor Hege Holmqvist Synnes](#), AKF/Teater og [førsteamanuensis Liv Ingrid Aske Håberg](#), AHL/Pedagogikk har publisert artikkelen "[Ikke stas å bli tvunget til å spille Tornerose viss en absolutt ikke liker det](#)" i "DRAMA Nordisk dramapedagogisk tidsskrift". Artikkelen bygger på kvalitative fokusgruppeintervju i seks barnehagar og finn at drama blir forstått som å gjennomføre førestilling, som pedagogisk verktøy og som synonymt med leik. Studien finn også at drama og deltaking i barns leik er knytt til personlege eigenskapar og ikkje først og fremst til kunnskap og ferdigheiter, som kan lærast og øvast på frå personalet si side. Dette funnet legg grunnlag for vidare drøfting og utforsking.

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

Lyser ut tre dekanstillinger

Høgskulen i Volda har lyst ut tre dekanstillinger med søknadsfrist 9. januar 2023. Dei tre avdelingane er Avdeling for kulturfag, samfunnsfag og historie og humanistiske fag og lærarutdanning. Dei fireårige åremåla til dei tre dekanane går ut 31. juli 2023.

Ledige stillingar

[Driftsteknikar – søknadsfrist 8.1.2023](#)

[Dekan: Avdeling for samfunnsfag og historie - søknadsfrist 9.1.2023](#)

[Dekan: Avdeling for kulturfag - søknadsfrist 9.1.2023](#)

[Dekan: Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning - søknadsfrist 9.1.2023](#)

[Førsteamanuensis/ førstelektor/ høgskulelektor i religion, livssyn og etikk - søknadsfrist 10.1.2023](#)

[Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i pedagogikk/spesialpedagogikk - søknadsfrist 12.1.2023](#)

[Stipendiatstilling i samfunnsplanlegging - søknadsfrist 15.1.2023](#)

[Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i engelsk litteratur/kultur og didaktikk \(fast stilling\) - søknadsfrist 16.1.2023](#)

[Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i engelsk språkdiraktikk \(mellombels stilling\) – søknadsfrist 16.1.2023](#)

[Førsteamanuensis/Førstelektor/Høgskulelektor i medieproduksjon - søknadsfrist 1.2.2023](#)

[Førsteamanuensis/førstelektor/ høgskulelektor i norsk/norskdiraktikk språklege emne - søknadsfrist 1.2.2023](#)

[Førsteamanuensis/førstelektor i norsk/norskdiraktikk/norsk som andrespråk - søknadsfrist 1.2.2023](#)

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege og sosiale arrangement og hendingar på og ved HVO:

Våren 2023:

12.-13.1.2023: GLU-seminar, Loen

20.1.2023: Høgskuleforum ("Forum for det utvida høgskuleområdet"), HVO

27.1.2023: [Fagdag, geriatri](#), BK Store auditorium

3.2.2023: Disputas Ingeborg Berg Skogen, Høgskulen i Volda

8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)

10.-25.2.2023: [Studentveka 2023](#), Rokken

10.2.2023: Premiere, studentrevyen 2023
22.2.2023: [Seminar om oppl ring i norsk for internasjonale tilsette](#), BK Vesle aud
9.3.2023: [H gskulestyret](#)
16.-17.3.2023: ASH Avdelingsseminar
23.-24.3.2023: [Skuleleiarkonferansen](#), Molde
20.-23.4.2023: [X2-festivalen](#)
11.-12.4.2023: AKF Avdelingsseminar
3.-4.5.2023: Styreseminar og [m te i h gskulestyret](#)
25.-26.5.2023: [NOA - Nasjonal konferanse om norsk som andrespr k](#), HVO
15.6.2023: [H gskulestyret](#) (siste i styreperioden)
20.-21.6.2022: [Fjordkonferansen](#), Loen

Hausten 2023:

1.8.2023: Ny fire rsperiode for styre, rektorat og 3 dekanar
15.8.2023: [Studiestart studie ret 2023-2024](#)
[Sunnm re Kammermusikkfestival](#)
7.9.2023: [H gskulestyret](#)
[Animation Volda](#)
26.-27.10.2023: [H gskulestyret \(seminar og styrem te\)](#)
7.12.2023: [H gskulestyret](#)

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED H GSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

15.12.2022: [Julekort-bloggen 2022: Fr  oss til oss](#)
7.12.2022: [Orientering til h gskulestyret](#)

[Alle innlegga p  rektorbloggen](#)

HVO P  SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-p -HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-bloggar](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[L pande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Offentleg journal \(postliste\)](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)